Totalt vart det i 2005 gjeve tilsegn om 48,6 mill. kr over tre år. Ein stor del av dette går til prosjektet HyNor. Fordelt på tre ulike delprosjekt vert den totale løyvinga på om lag 30 mill. kr, dvs. at fyrste del av hydrogenvegen mellom Oslo og Stavanger kan etablerast, og dei fyrste hydrogenbilane kan rulle på vegane i 2006.

Det er vel ikkje noka hemmelegheit for dei som følger med i media, at finansministeren har varsla eit avgiftsfri-tak for hydrogen. Det vil gjere det meir attraktivt å satse på hydrogenbilar, på ein framtidsretta og miljøvenleg bilpark, som igjen vil bidra til å redusere klimautsleppa. Men òg fleire andre interessante prosjekt har fått støtte, m.a. prosjekt som vil kunne stimulere til utvikling av lønsam produksjon og bruk av biodrivstoff i Noreg samt demonstrasjon av brenselcelleteknologi i sjøfarten, der det er eit stort potensial i å redusere utsleppa gjennom forbedra teknologi.

For denne Regjeringa er samferdsel ein viktig bit av det å byggje landet, men det skal me gjere både med tanke på generasjonen i dag og generasjonar i framtida. Difor aukar me satsinga på miljøvenleg teknologi, me gjennomfører utskifting av riksvegferjer med nye gassferjer, me støttar utvikling av hydrogen som energiberar i transportsektoren, og me arbeider aktivt for å utvikle og auke bruken av miljøvenlege køyretøy. Me kjem òg til å innføre verkemiddel som skal gjere det lønsamt å velje lavutslpps-bilar.

Det kan verte vurdert tilgang til kollektivfeltet, som representanten Sahl nemnde, men eg vil åtvare mot den vinklinga som Sahl har. Om me opnar kollektivfeltet for personbilar med meir enn tre passasjerar, kan det føre til at det som kollektivfeltet er laga for – nemleg kollektivtrafikken – får problem med regulariteten, og det vil vere noko av det dumaste me kan gjere. Om det er noko me ynskjer, er det at bussar og kollektivtrafikk elles skal vere i rute, så passasjerane kan stole på at dei kjem fram til jobb og anna i rett tid. Akkurat dette er denne statsråden kanskje noko skeptisk til.

Me satsar på at fleire skal gå og sykle til jobben, i tråd med Soria Moria-erklæringa. Me jobbar i lag med Oslo kommune for å få ei større satsing på gang- og sykkelveggar i Oslo, som kanskje er den største utfordringa. Det som no står igjen, er både kostbart og vanskeleg å byggje ut. Eg kjem i nærmaste framtid til å ha eit møte med Oslo kommune om akkurat det, der òg statsministeren vil delta, for dette er eit område me er svært opptekne av. Me ynskjer òg å få i gang igjen sykkelnettverket mellom dei større byane i landet, for å sjå korleis ein kan samarbeide, lære av kvarandre og stimulere kvarandre til å byggje gang- og sykkelveggar. Det er ikkje berre i byane det er aktuelt. Eg kan nemne Lesja kommune, som eg av og til dreg fram, der ein ved dugnadsarbeid – gratis grunn frå grunneigarar, kommune, fylkeskommune og stat – i lag byggjer gang- og sykkelveg gjennom heile kommunen. Der er E6, som er ein sterkt trafikkert veg, einaste vegen tvers gjennom ein langstrakt kommune.

Denne Regjeringa arbeider på mange felt for å sikre at me intensiverer satsinga på transportsektoren i dag. Det hastar, for det har vore eit forsømt felt. Samferdsel har tapt på statsbudsjettet i mange år. Det hastar med at folk i dette landet får ei betre satsing på samferdsle, men me gjer det heile vegen med eit mål for auge, nemleg at våre barn, barnebarn og etterkommarar skal ta over eit samfunn som både er godt utbyggt infrastrukturmessig og har eit miljø som er berekraftig for framtida.

Jan Sahl (KrF) [11:41:34]: Jeg takker for svaret, og jeg er glad for å registrere og konstatere at samferdselsministeren er offensiv i forhold til de utfordringene som vi står overfor i transportsektoren når det gjelder miljøproblematikken.

Jeg vil understreke at også for Kristelig Folkeparti er samferdsel en viktig bit av det å bygge landet. Vi vil ønske økte bevilgninger til samferdsel hjertelig velkommen. Som ministeren understrekte, er det uhyre viktig at de tiltakene vi setter i verk, følges opp og støttes ved en bred satsing på at vi skal ha miljøforurensningen fra transportsektoren ned. Jeg konstaterer at vi i stor grad er enige om tiltak og virkemidler. Vi venter i spenning på revidert nasjonalbudsjett, eventuelt budsjettet som legges fram til høsten, når det gjelder de avgiftsendringene som kommer, i forhold til både drivstoff og miljøvennlige biler.

Jeg konstaterte at det på ett område var en nyanseforskjell mellom Kristelig Folkeparti og statsråden, og det gikk på hvem som skal slippe til i kollektivfeltet. Vi er også tilsvarende bekymret for at kollektivfeltet kan komme til å fylles opp, men vi synes det er feil at det er størrelsen på bilen som skal avgjøre om du skal få lov til å kjøre i kollektivfeltet eller ikke – bare du har den rette biltypen kan du altså kjøre der, selv om du sitter alene i bilen. Vi ønsker å endre på det ved å få vekk dem som kjører alene, og heller ha et forsøk hvor en prøver å slippe til dem som kjører miljøvennlig, dvs. at det er minst tre passasjerer i bilen. Jeg innser selvfølgelig at det kan være litt vanskelig å føre kontroll med det, men som et prøveprosjekt synes jeg det kunne ha vært interessant.

Ellers er hovedtanken for oss at vi her må satse på et bredt felt. Vi trenger mange tiltak som vi må få i gang sammen, og samtidig. Det vi har lansert når det gjelder de tre såkalte strategiene, går ut på å legge til rette for at folk tenker seg om når de skal legge ut på reise, at vi får en oftestlig tilrettelegging både når det gjelder arealplanlegging, gang- og sykkelveier og kollektivtrafikk, og at vi setter i gang forskning og utvikling og legger til rette for et avgiftssystem som fremmer miljøvennlig transport. Makter vi dette, tror jeg nok vi kommer til å se endringer i miljøet i våre områder.

Statsråd Liv Signe Navarsete [11:44:52]: Eg er glad for Kristeleg Folkeparti sitt engasjement for ei framtidsretta satsing på samferdsel, og eg trur at det er mogleg å få til eit godt samarbeid mellom Regjeringa og Kristeleg Folkeparti på desse områda. Eg vil sjølvsagt vurdere Kristeleg Folkeparti sitt innspel om eit prøveprosjekt i forhold til å tillate personbilar med meir enn tre passasjerar i kol-

lektivfelte, men motførestellinga mi gav eg uttrykk for i innlegget mitt.

Eg trur det vert ein vanskeleg diskusjon å gå inn på å leggje restriksjonar på folk sine reisevanar. Me har hatt ein velstandsauke i Noreg som eg trur me alle er glade for, og Stortinget og ymse vekslande regjeringar har sjølvsagt i stor grad vore med på å bidra til det. Den aukande velstanden har også ført til aukande reiseaktivitet. Men eg trur det er rett å reise ein debatt som gjer folk meir medvitne på korleis dei reiser, men derifrå til å leggje restriksjonar på reise-mønstret er nok eit stykke frå denne statsråden sine tankar. Tvert om ser eg på mi og Regjeringa si oppgåve som at me skal leggje til rette for å gjere kvardagen enklare for folk. Men me skal sjølvsagt innrette politikken vår slik at det å gjere kvardagen enklare også kan vera at folk gjer dei retta vala ut frå det som er bra for den enkelte – som å leggje til rette for at kollektivtrafikktilbodet er så godt at folk vel det fordi det faktisk gjer kvardagen enklare.

Når det gjeld satsinga på FoU, som vart nemnt no, er det eit område som eg rett nok ikkje nemnde i innlegget mitt, men som eg er svært oppteken av. Eg har hatt møte både med Transportøkonomisk institutt og, seinast, med leiargruppa i Forskringsrådet, der me gjekk gjennom dei prosjekta som Samferdselsdepartementet har. Det er mange og store prosjekt som tida ikkje tillèt at eg går inn på, men sjølvsagt også prosjekt som går inn i den diskusjonen me har i dag, nemleg om korleis me kan nytte ny teknologi og utvikle ny kunnskap som vil hjelpe oss til å utvikle den framtidsretta satsinga me ynskjer innafor transportsektoren.

Torstein Rudihagen (A) [11:47:36]: Lat meg fyrst få seie at det er prisverdig av representanten Sahl å ta opp spørsmål knytte til transportsektoren og miljøbelastningar. Mitt inntrykk er at representanten Sahl og Kristeleg Folkeparti har mykje til felles med den raud-grøne regjeringa på dette politikkområdet. Etter å ha lytta til Sahls innlegg vil eg gjerne invitere Sahl til eit samarbeid med dei raud-grøne om samferdselspolitikken. Sahl peikte på ei rekkje tiltak for å gjere transportsektoren meir miljøvennleg. Det er det absolutt grunn til å følgje opp, og det sa jo også statsråden i sitt innlegg.

Når det gjeld bruken av kollektivfelt, må eg seie som statsråden at sjølvsagt ønskjer vi å ha som incitament at ein skal bruke meir miljøvennlege bilar, men samtidig kan ein ikkje sprengje kapasiteten i kollektivfelte, for da vil det gode bli det bestes fiende.

Eg trur at det fokuset som den raud-grøne alliansen har på både kollektivtrafikk, på miljøvennleg transport og på jernbanesatsing, er meir likt det som Kristeleg Folkeparti står for, enn det som enkelte andre parti står for med ein-sidig fokus på vegutbygging, på høge bensinprisar og på for høge bilavgifter.

I Soria Moria-erklæringa er regjeringspartia veldig tydelege på at mange former for transport medfører miljøproblem. Forbrenning av olje og gass fører til klimagassutslepp. Vegtrafikken er den dominerande kjelda til lokal luftforureining og støy. Derfor vil regjeringspartia føre

ein aktiv politikk for å sørge for at folk ikkje blir utsette for helseskadeleg forureining. Vi seier også at dei nasjonale måla for luftkvalitet skal liggje fast.

I tillegg meiner vi at Regjeringa må utarbeide ein strategisk handlingsplan for å innfri det nasjonale støymålet innan 2010. Det betyr å redusere støyplagene med 25 pst. i forhold til 1999-nivået. For mange menneske som i dag får problem som følgje av støy, vil dette bety veldig mykje.

Fleirtalsregjeringa har varsla ein gjennomgang av avgiftssystemet for bilar, som òg statsråden var innom, og ho sa at dette vil komme i samband med statsbudsjettet for 2007. Vi ønskjer altså å innrette systemet på ein slik måte at det vil lønne seg å kjøpe miljøvennlege og sikre bilar. Det ligg jo da til rette for at vi innfører eit CO₂-element i eingongsavgifta, slik at bilar med små utslipp vil bli prefererte. Dette er ei avgiftsomlegging som har vore på gang lenge, og Arbeidarpartiet bad fleire gonger i førre periode om ikkje den sitjande regjeringa kunne komme med ei endring i avgiftssystemet.

For å dempe presset på vegnettet og redusere utslappa frå biltrafikken er det heilt avgjerande at vi byggjer ut kollektivtrafikken slik at den er moderne, attraktiv og brukarvennleg. I statsbudsjettet for 2006 brukte vi 200 mill. kr til såkalla særskilde tiltak til kollektivtransporten. Dette er pengar som går til små og store tiltak, der det blir lagt til rette for betre kollektivtrafikk i våre mest befolkningstette område. I tillegg fekk fylkeskommunane eit betydeleg økonomisk lyft gjennom auke i overføringane til kommunane. Nokre av desse 5,7 milliardar kr vil nok òg bli brukte til å gjere kollektivtrafikken enda meir attraktiv. Særleg i Oslo, der Arbeidarpartiet, SV, Kristeleg Folkeparti og Venstre har pressa byrådet til å føre ein god politikk når det gjeld kollektivtrafikken, ser vi gode resultat. Stadig fleire reiser kollektivt, og i tida framover vil det bli opna nye T-banestrekningar og sett inn nytt og moderne materiell. Ei slik satsing vil sannsynlegvis føre til endå fleire kollektivreisande i framtida.

Elles er eg absolutt einig i at det må leggjast mykje betre til rette for syklistar, for tilrettelegging for sykkel har vore eit forsømt område gjennom mange år. Heldigvis er det no mykje større merksemd og fokus på dette området.

I ein debatt om transportsektoren og miljøet er det vanskeleg å komme utanom jernbanens betyding. Kvar einaste dag fraktar NSB 120 000 passasjerar inn og ut av Oslo. I denne salen er det frå Stortingets nest største parti fremma forslag om betydelege kutt for NSB, kutt i storleiken 2 milliardar kr. Slike kutt ville ført til ei raseringen av togtilbodet i austlandsområdet, med den konsekvensen at fleire ville blitt tvinga over til privatbil. Det er veldig viktig at vi står saman om den auka jernbanesatsinga og kollektivsatsinga.

Bård Hoksrud (FrP) [11:53:08]: Etter å ha hørt foregående taler hadde jeg tenkt å starte med å si at jeg opplever at interpellanten og dagens regjering ønsker en forholdsvis lik utvikling, hvor man ved bruk av pisk kan få folk bort fra å bruke bilen som transportmiddel til og fra jobb osv. Fremskrittspartiet ønsker heller å ha en annen

tilnærming til hvordan vi skal løse de utfordringene vi står overfor, og de problemstillingene vi ser. Vi tror at utbygging av infrastruktur og det å se på avgiftssystemet er tiltak som er viktige hvis man skal gjøre noe med de utfordringene man ser i forhold til miljøproblematikken.

Jeg synes også det er viktig å ha med seg når man prater om at kollektivtransport er veldig viktig, at det faktisk er mange barnefamilier som har flere barn, og som er avhengige av å levere barn i den ene barnehagen og så i den andre barnehagen. Da er det kanskje ikke så enkelt å kunne bruke det offentlige kollektivtilbudet, da er man helt avhengig av å bruke privatbilen for å få levert barn i skole og barnehage.

Jeg tror det er umulig å sikre et skikkelig, godt utbygd kollektivtilbud i hele landet med mindre denne regjeringen ønsker å putte inn langt mer midler enn det jeg er overbevist om at den noen gang vil kunne klare. Det har jeg svært liten tro på. Jeg vet også at det er skolebussen som er det eneste kollektivtilbudet mange steder rundt omkring i distriktene. Da tror jeg heller ikke at man kan satse ensidig på kollektivtransport og kollektivutbygging.

Fremskrittspartiet mener den beste måten å redusere utslippet på er å sørge for god infrastruktur i form av godt utbygde veier og samferdselsnett i hele landet. En slik utvikling vil sikre mindre utslipp fra bilen, fordi man slipper å kjøre på dårlige utbygde veier som gjør at man får økt utslipp, fordi man bruker mer drivstoff, osv. På mange av stamveiene våre er det unødig mye drivstoffutslipp fra tungtransporten, fordi de kjører på så enormt dårlige veier – de må bruke masse energi og ressurser på å kjøre opp og ned på de dårlige veiene. Jeg synes det også er viktig å ha med seg, når vi diskuterer det vi nå gjør, at bilindustrien i løpet av de siste 20 årene har fått til en kraftig reduksjon i utslipp fra bilene sine. Det er en utvikling som har ført til langt mer miljøvennlige biler enn det vi hadde tidligere. Da er det et paradoks at Norge har en av Europas dårligste og eldste bilparker, som forurenser langt mer enn de nye og moderne bilene man nå får kjøpt på markedet. Det å ha en av Europas eldste bilparker mener jeg har vært en villet politisk utvikling i form av det skatte- og avgiftssystemet som det dessverre har vært bred enighet om blant det politiske flertallet på Stortinget. Man kan derfor spørre seg hvor opptatt man virkelig egentlig er av å gjøre noe med klimaet, når man velger et slikt avgiftssystem som det vi har i dag. Jeg har registrert at Regjeringen har signalisert at det skal komme en avgiftsomlegging i forbindelse med statsbudsjettet for 2007, noe foregående taler også fulgte opp. Men jeg har også registrert at det nå er tydelige signaler som viser at dette blir utsatt til ut i 2007. Det kunne være greit å få en avklaring på om denne regjeringen har tenkt å legge fram en omlegging av avgiftssystemet i forbindelse med statsbudsjettet for 2007, eller om dette er noe som kommer senere.

Øyvind Halleraker (H) [11:57:07]: Det er en viktig sak representanten Sahl tar opp her i dag. Kollektivtransporten er et felt som er svært aktuelt for nytenking. Bondevik II-regjeringen tok denne utfordringen og gjennomførte mange viktige tiltak. Jeg registrerer at statsrå-

den i dag trekker fram mange av de prosjektene som ble igangsatt av Bondevik II-regjeringen, og at hun har merket seg at dette etter hvert begynner å vise resultater, ikke minst her i byen. Her i byen kan det vel neppe være ferjerabatten som gir utslaget.

Kollektivtransportatsingen til den forrige regjeringen ble altså styrket med 1,5 milliarder kr, godt og vel, utover den ambisjonen som man la til grunn i sitt regjeringsdokument. Det er imponerende. Vi fikk også den første stortingsmeldingen om kollektivtrafikk noensinne, og vi fikk innført tiltak på skatte- og avgiftssiden som bidro til kostnadslettelse, og som dermed kunne gi et bedre tilbud til passasjerene. Belønningsordningen som også har blitt en stor suksess i de store byområdene, har vist gode resultater. Jeg kunne fortsette å nevne tiltak som har virket godt, og som det blir en stor utfordring for den sittende regjering å følge opp, for her var det store ambisjoner. Det blir interessant å se om viljen til å satse ambisiøst er til stede. Noen svar har vi fått fra statsråden i dag, men de skal følges opp med penger og handling. I den sammenheng er vel ikke oppfølgingen av Nasjonal transportplan innenfor jernbane noe særlig å vise til.

I internasjonal transportpolitikk er det fokusert sterkt på alternativ til tradisjonelle transportbærere, som etter hvert begynner å få dårlig plass i transportsystemene. Det gjelder luftrom, det gjelder på vegene, og det gjelder det tradisjonelle jernbanenettet. For mange av disse relasjonene er høyhastighetstog blitt svaret og løsningen. Eksempelvis kan jeg nevne at på strekningen Paris–Lyon var det på slutten av 1970-tallet 1 800 passasjerer pr. dag. I dag er det nesten ikke flytrafikk igjen på strekningen, fordi man har fått et tilbud med miljøvennlige høyhastighetstog. Det samme gjelder relasjonen Paris–Brussel, og jeg kunne nevne mange slike relasjoner. Det som er spesielt med dette, er at i Norge flyr vi nesten ti ganger mer enn man gjør i land vi kan sammenlikne oss med, i forhold til folketallet. Forklaringen er selvsagt manglende motorvegnett, altså et vegnett som gjør det til et alternativ. Dermed velger vi heller flyet.

Jeg har tillatt meg å nevne en spennende visjon. Mellom Bergen og Stavanger er det i dag som kjent ingen jernbane, derimot går det 36 fly hver dag; det stilles til disposisjon 4 000 flyseter. Vegtransporten er vanskelig og tar fire og en halv time i beste fall, fordi vegen er kronglet. Med et høyhastighetstog kunne man greid strekningen på én time. Jeg synes dette er en type visjoner som vi kanskje bør tørre å tenke, tørre å nevne, kanskje særlig ettersom det nå er over hundre år siden representanter i denne sal løftet inn Bergensbanen som det helt avgjørende for å binde Sør-Norge sammen, et prosjekt som den gangen kostet mer enn et helt statsbudsjett.

Jeg forventer ikke at statsråden skal ha noe svar på dette i dag. Jeg tillater meg imidlertid å nevne det som en spennende tanke og som en visjon som jeg synes hører hjemme i en debatt om fornyede og moderne transportløsninger.

John Thune (KrF) [12:02:15]: Kristelig Folkeparti vil ha et klart miljømessig perspektiv på samferdselssek-

toren. Norge bør bli et foregangsland innenfor miljøvennlig samferdsel. Det vi trenger, er langsiktige og reelle satser på miljøvennlige og trafikksikre transportløsninger.

Hvorfor er det så viktig å handle nå? Og kan vi ikke overlate ansvaret til hver enkelt innbygger eller til andre stater som forurensar mer enn oss?

Først og fremst mener Kristelig Folkeparti at vi som politikere har et etisk ansvar: Konsekvensene av våre klimautslipp vil gå ut over de fattige i verden og kommende generasjoner. Forvalteransvaret handler om en mer rettferdig fordeling av ressurser, men også om ansvar. Norge må ta miljøvennlige valg nettopp i solidaritet med de fattige. Våre egne klimautslipp må reduseres, og det må arbeides internasjonalt for at andre land skal ta sitt ansvar.

Dersom vi mener at på lang sikt bør mulighetene til å slippe ut klimagasser fordeles med en lik andel pr. innbygger, og ønsker å stabilisere konsentrasjonen av klimagasser i atmosfæren på et akseptabelt nivå, vil konsekvensen være at Norge bør redusere sine utslipp med om lag to tredjedeler i løpet av en femtiårsperiode.

Det er ikke et godt motargument at Norge er et lite land, og at våre utslipp utgjør en liten andel av totalen. Situasjonen så langt er at de fleste land er små, og at hvert enkelt lands klimautslipp teller lite i et globalt perspektiv. Derfor må svært mange land delta om vi skal få ned de globale utslippene.

Norge er et land i en unik posisjon, og det er de rike og industrialiserte landene som må gå foran i bestrebelsene på å redusere utslippene. Disse landene har stått for størstedelen av de historiske menneskeskapte utslippene, og de har ressurser til å bære kostnadene ved å gå først. Ut fra en slik betraktning må et velstående land som Norge være villig til å gjøre sin del av innsatsen for å redusere de globale utslippene av klimagasser.

Dessuten kan Norge fungere som en rollemodell i klimaarbeidet. Hvis Norge f.eks. kan utvikle teknologier som viser at det går an å produsere olje og gass, aluminium, silisium og sement uten vesentlige utslipp av klimagasser, vil dette kunne ha betydning for hvordan andre land vil utvikle sine regelverk for klimagassutslipp.

Verden vil måtte redusere sine utslipp av klimagasser kraftig, og i den forbindelse vil det bli et marked for klimavennlige teknologier. Det kan derfor gi et konkurransefortrinn for norske næringer å gå tidlig inn for å utvikle slike løsninger.

Som nevnt er utslipp fra vegtrafikken en viktig utslippskilde i svært mange kommuner. Dette er også utslipp som fortsatt øker. Mange biler bruker mindre drivstoff enn tidligere, men denne effekten er blitt mer enn oppveid av at folk har flere og større biler enn før. Luftfarten bidrar også betydelig til vekst i utslippene. Utslipp fra fly er, som kjent, også flere ganger verre enn utslipp fra bil.

Tiden for å satse miljøvennlig er nå – fordi klimaet krever det, og fordi statsledere og forbrukere er opptatt av det. Vi ser at det er en holdningsendring på gang. President Bush brukte store deler av sin «State of the Union»-tale til å snakke om miljøvennlig drivstoff. I EU diskuteres mulighetene for å bytte ut tradisjonell bensin og diesel

med biodrivstoff. Stadig flere forbrukere er villige til å satse på miljøvennlige kjøretøy. Vi ser at en storsatsing på hydrogenbiler er på gang. Statoil, Hydro, SINTEF og mange kommuner, som Fredrikstad med sine biogassbussar, og fylkeskommuner står bak en slik storsatsing. Stortinget må være med på å forsterke denne satsingen, slik at vi får mer miljøvennlige biler. Noen av våre riksveger, som rv. 22 og rv. 111, er så sterkt trafikkert og ulykkesbelastet at det er farlig å gå eller sykle langs disse. Derfor må vi legge til rette for flere gang- og sykkelveger og mer kollektivtrafikk. Vi må ha visjoner, og vi må sette visjonene ut i livet. Vi må gi folk mulighet til å velge miljøvennlig.

Eli Sollied Øveraas (Sp) [12:07:00]: Interpellanten reiser viktige problemstillinger i interpellasjonen til samferdsleministeren.

Det er ei stor utfordring korleis vi skal lykkast med å skape ei utvikling innanfor transportsektoren for å møte dagens behov utan å øydeleggje moglegheitene for at kommande generasjonar skal få dekt behova sine.

Interpellanten nemnde ei rekkje tiltak og strategiar i innlegget sitt med tanke på å få ein meir miljøvennleg transport. Senterpartiet deler langt på veg alle dei synspunkta som vart sette fram frå representanten frå Kristeleg Folkeparti.

Tradisjonelt har Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti stått kvarandre nær i samferdslepolitikken, og etter denne runden og så langt i denne interpellasjonsdebatten har eg god tru på at vi skal få til eit godt og konstruktivt samarbeid i denne fireårsperioden.

I innlegget sitt gav statsråden ei grundig utgreiing om Regjeringa sin politikk. Det vart også understreka at det skal satsast på fleire frontar, som statsråden sa. Det vitnar om ein offensiv politikk, og det viser at dette er eit satsingsområde for Regjeringa.

Eg skal bruke resten av innlegget mitt til å snakke om ein av Noregs viktigaste naturressursar, nemleg naturgass. Noreg er ein betydeleg gassnasjon, og Senterpartiet meiner at det må satsast målretta for å auke den innanlandske bruken av naturgass. Bruk av gass i transportsektoren vil gi betydelege miljøgevinstar. Spesielt i større byar er miljøbelastninga fra transportsektoren stor. Det har fleire av dei som har hatt ordet før meg, vore inne på. Gassdrivne bussar og bilar har om lag 60 pst. lågare utslepp av NO_x og om lag 10 pst. lågare utslepp av CO₂ enn dieseldrivne køyrety. Dei har null utslepp av SO₂, minimalt utslepp av partiklar og sot og halvert støynivå. Fleire land i Europa har sett i gang utbyggingsprogram for naturgassbussar.

Senterpartiet meiner at minst fem større byar i Noreg i løpet av ein tiårsperiode skal ha naturgass som drivstoff for hovudtyngda av bussane og for ein vesentleg del av annan offentleg transport. Tiltak for å nå dette målet kan vere statleg støtte til infrastruktur og momsfratak ved kjøp av slike køyrety.

Kysttransporten står for om lag 40 pst. av dei norske utsleppa av nitrogenoksid. Over 90 pst. av desse utsleppa kan fjernast ved å ta i bruk naturgass i kystflåten. I tillegg vil CO₂-utsleppa bli reduserte med om lag 30 pst., og svovelutsleppa blir eliminerte. Driftserfaringane frå No-

regs – og verdas – første naturgassdrivne ferje i Møre og Romsdal er svært gode. Fem nye gassferjer er under bygging, og det er også svært positivt at det på sambandet Molde–Vestnes no er krav om at det er gassferjer som skal trafikkere dette sambandet i åra som kjem.

Senterpartiet meiner at det i løpet av neste tiårsperiode bør vere minst 15 gassdrivne ferjer og 15 andre gassdrivne skip, som t.d. forsyningsskip, i drift i landet vårt.

For å få ein meir miljøvennleg bilpark har Senterpartiet teke til orde for ein betydeleg auke i vrakpantordninga, og for at det skal bli rimelegare å importere nye og miljøvennlege bilar.

I Soria Moria-erklæringa er det fleire tiltak for ein offensiv kollektivtrafikk. Eg skal berre nemne kort innføring av ungdomskort med 50 pst. rabatt, ein auke i påskjønningssordninga for kollektivtransport og prioritering av framkommelegheit for kollektivtrafikken i dei store byane. Auka satsing på jernbane og betring av tilbringartenestene og bestillingsrutene i distrikta er også viktig med tanke på ei meir berekraftig utvikling innanfor samferdslesektoren.

Lars-Henrik Michelsen (V) [12:12:01]: Jeg er enig med de talerne som har sagt at dette temaet som interpellanten reiser, er ett av de viktigste i vår tid.

Klimatrusselen og avhengigheten av ikke-fornybare energikilder må tas på dypeste alvor. Både klimatrusselen og transportsektorens ensidige avhengighet av olje blir mer og mer synlig. Stadig flere truede arter og et heftigere og varmere vær minner oss på det faktum at dagens samfunn på langt nær er bærekraftig.

Veksten i Asia og i andre deler av verden fører til at det forbrukes mer og mer fossil energi – fossil energi, som bidrar til store lokale miljøødeleggelser og store klimagassutslipp. Denne utviklingen svekker miljøet og folks levevilkår og kan på lang sikt også true det økonomiske grunnlaget for svært mange mennesker. Hovedgrunnen er at de delene av kloden som er i vekst, tar i bruk gårdsdagens energi- og transportløsninger. Alternativene er ikke tilgjengelige for majoriteten av verdens befolkning.

Transport er viktig. Transport er selve nerven i et samfunn. Uten transport stopper handelen med varer, verdiskapingen, folks muligheter til å møtes og levende lokalsamfunn. Derfor er det viktig at vi i Norge legger til rette for løsninger som sikrer at vi kan transportere varer og mennesker, at økonomien og strukturen i samfunnet blir opprettholdt, og at miljøet blir tatt vare på for framtidens generasjoner. Et mål må være at vi i Norge kan utvikle løsninger for fremtiden som kan komme en hel verden til gode.

Å ta kostnadene ved å utvikle alternativene er noe fattige land i den tredje verden ikke har ressurser til. Samtidig er det gjerne de som blir rammet hardest av klimaendringene, og som har dårligst evne til å omstille seg fra dagens fossilavhengige transportsektor. Derfor er det viktig at vi i Norge bidrar med et løft for teknologisk utvikling og systemendringer innen transport. Samtidig må vi sørge for at våre egne utslipp blir redusert, og være en pådriver innen internasjonale miljøavtaler, slik at vi kan få et bre-

dest mulig engasjement for miljøet. Denne strategien krever imidlertid et betydelig løft, både teknologisk og økonomisk.

Det ble nevnt tidligere at for om lag hundre år siden gjennomførte en et gigantisk løft i denne salen. Da fikk Venstre med hårfin margin igjennom Bergensbanen. Dette var en visjon som – som det er blitt sagt – kostet mer enn et statsbudsjett. Det viste at det er mulig å tenke store tanker, men det krever politisk vilje. Og tiden er nå inne for å tenke nye og store tanker.

Skal de norske forpliktelsene i Kyoto-avtalen bli oppfylt, er det viktig å feie for egen dør. Kollektivtrafikken og jernbanen må i større grad bli konkurransedyktig og attraktiv i forhold til privatbilen og flyet.

En av Venstres store politiske seire er den rekordstore styrkingen av kollektivtrafikken som Bondevik II-regjeringen gjennomførte, med ca. 4 milliarder kr mer til kollektivtransport i perioden 2002–2005. Et av løftene var bl.a. en bybane i Bergen, der en gav grønt lys for første byggetrinn. Venstre mener det er viktig at man utvikler dette til å gjelde hele Bergen by, og at bybane også blir tatt i bruk i andre byer som skjelettet i det framtidige kollektivtilbudet.

Jernbanen ser ut til å tape i konkurransen med flyet. Derfor må driften av jernbanen bli effektivisert, og det må satses på en bane som kan tilfredsstille et økende krav om kortere reisetid, økt frekvens og økt komfort. Det er derfor særlig viktig å prioritere utbygging av dobbeltspor og legge til rette for høghastighetsbaner tilpasset norske forhold. Jeg likte veldig godt den visjonen som ble reist tidligere, om høghastighetsbane på strekningen Bergen–Stavanger. Jeg tror det er viktig at man tenker slike store tanker, for å løse de enorme utfordringene som man står overfor i transportsektoren.

Norges aller viktigste bidrag i kampen mot miljøforurensning og klimaendringer er utvikling av miljøteknologi og nullutslippsløsninger. Både teknologi- og markedsutvikling for hydrogen som drivstoff er svært viktige bidrag for et renere miljø. Innen landbasert transport har ledende norske industriaktører hundreårig kompetanse med produksjonsteknologi for hydrogen. Hydrogenvisjonen må virkelig tennes.

Jeg vil avslutte med å si at Norge har alle muligheter til å spille en nøkkelrolle innen ny teknologi, og at vi i internasjonalt miljør samarbeid har gjort en god innsats. Men det er viktig at man løfter blikket og får satt i gang større tanker enn kun å bygge ut norske veger.

Irene Johansen (A) [12:17:24]: Å bidra til en bærekraftig utvikling er noe av det viktigste vi kan jobbe for også innenfor transportsektoren. Flere steder i landet er det små og store prosjekter som bidrar til en mer miljøvennlig transportsektor, og jeg tror det er veldig viktig å løfte fram disse og få til en forsterket satsing på dem, slik at vi får hevet transportsektorens bidrag til en bærekraftig utvikling.

Jeg har lyst til å trekke fram miljøprosjektet biogassbusser i Fredrikstad. I mangel av naturgass på Østlandet satte man i Fredrikstad i gang et prosjekt der ønsket var å

benytte biogass fra et avløpsrensaneanlegg til drivstoff. I dag er det fire biogassbusser i drift i Fredrikstad, og de ønsker å utvide til tolv.

Fordelene med biogass er betydelige. Det har også vært nevnt her tidligere i debatten. Biogass er pr. i dag den mest miljøvennlige gass til bruk i busser, lastebiler og privatbiler. Det er en ren, forurensningsfri og fornybar gass. Reduksjonspotensialet for NO_x, partikler og støy er betydelig. Spesifikke utslipp er allerede lavere enn framtidige krav. Støynivået er redusert med nesten det halve for det menneskelige øret, og det er veldig positivt for nærmiljøet, holdeklapper og boliggeater med lav fart.

Biogassmotorer er kommersielt tilgjengelige. Sjøførene opplever tilnærmet like kjøreegenskaper på dieselmotorer og gassmotorer. Bruk av gass i busser og tyngre kjøretøyer fører til vesentlige reduksjoner i utslipp, som sagt. Disse lokale utslippene representerer en ulempe for samfunnet gjennom sykefravær, redusert arbeidsproduktivitet og behandlingsskostnader i helsevesenet.

Det er viktig at Regjeringen følger opp SFTs krav om at en viss andel av drivstoffet som selges, skal være biodrivstoff. I tillegg må vi vurdere å videreutvikle investeringsstøtten, slik at biogass på lik linje med naturgass kan erstatte diesel som drivstoff. Andre virkemidler kan være fortsatt fritak for CO₂-avgift og autodieselavgift.

Biogassbussene veier på grunn av gassmotoren mer enn ordinære dieselbusser. Det gjør at vektårsavgiften blir høyere for disse bussene enn for andre busser. I forbindelse med Regjeringens varslede omlegging av avgiftssystemet i mer miljøvennlig retning vil det være naturlig å vurdere en omlegging også av dette.

Biogassprosjektet i Fredrikstad er et miljøvennlig prosjekt, som kan tjene som forbilde slik at andre deler av landet også kan sette i gang slike tiltak. Vi ønsker å støtte opp om dette prosjektet og bidra til at det utvikler seg videre i positiv retning.

Et annet viktig mål for å bidra til en bærekraftig utvikling innenfor transportsektoren er å sørge for en forsterket utbygging av jernbanen og kollektivtrafikken. Regjeringen har satt seg høye mål i så måte ved å satse 1 milliard kr mer pr. år, som det står i Soria Moria-erklæringen. I tillegg utredes nå muligheten for høghastighetsbane, som andre har vært inne på her i dag. Det vil kunne gi interessante perspektiver for en bærekraftig utvikling innenfor transportsektoren, så denne utredningen ser vi fram til med spenning. En sterkere satsing på jernbanen hvert år har vi stor tro på.

Jan Sahl (KrF) [12:21:16]: Jeg vil takke for en god, spennende og konstruktiv debatt. Jeg merker meg at det i veldig stor grad er enighet om de viktigste tiltakene. Jeg opplever at det er et driv i Stortinget i retning av å ta miljøutfordringene i transportsektoren på alvor.

Jeg vil minne om noe også representanten Øyvind Halleraker var inne på, at Bondevik II-regjeringen satte seg høye mål når det gjaldt å øke kollektivtransporten og satse midler på å få fram miljøvennlige drivstoff. Jeg vil utfordre den nåværende samferdselsminister til å komme med en oppfølger til den kollektivmeldingen – som var den

første i historien – som den forrige regjeringen la fram. Kanskje vi i løpet av perioden kan få en oppfølging av den der vi ser hva som har skjedd, og der vi setter oss nye mål for kollektivsatsingen framover.

Så er det altså ikke slik som statsråden antydde så vidt, og som ikke minst Fremskrittspartiet trakk fram, at Kristelig Folkeparti kun er opptatt av pisk. Da er vi i Kristelig Folkeparti i så fall misforstått. Tvert imot er vi opptatt av å legge ut gulrøtter for den enkelte person som skal ut og reise, slik at man velger de miljøvennlige alternativene.

Vi sa ikke at vi skulle slutte å bygge veier, og at vi vil piske bilistene bort fra bilene. Tvert imot sa vi at biler og fly er helt nødvendige som transportmiddel, spesielt i Distrikts-Norge. Vi trenger gode veger, og vi skal – sammen med Fremskrittspartiet – fortsatt bygge gode veger. Jeg vil strekke ut en hånd til Fremskrittspartiet og si at utbygging av bedre veger også kan være med på å senke miljøtrusselen, slik de selv også understreket. Men vi må ikke stanse der. Vi kan ikke bygge oss ut av miljøutfordringene. Vi er også nødt til å se på andre virkemidler i tillegg til det.

Vi fikk en god og positiv utfordring fra Torstein Rudihagen fra Arbeiderpartiet. Og det er helt sant: Vi har veldig mye til felles med de rød-grønne på dette området, og vi vil framover gjerne være med og samarbeide og finne gode løsninger for miljøet.

Jeg vil også gi ros til representanten Øyvind Halleraker, som lanserte forslaget om en høyhastighetsbane Bergen–Stavanger. Det er flott at noen tenker store tanker av og til. I Kristelig Folkeparti vil vi gjerne være med på å bringe denne tanken videre. Det er et enormt prosjekt. Men la oss se på hvilke muligheter som ligger der, og hva som kan være løsningen i den nære framtid og på noe sikt.

Jeg takker for en positiv debatt og inviterer til samarbeid om miljøet i framtiden.

Statsråd Liv Signe Navarsete [12:24:22]: Eg vil òg takke for ein god debatt, og eg opplever at det er full støtte i Stortinget til Regjeringa sitt arbeid, som ikkje berre inneber ei satsing på kollektivtransport, men ei brei satsing for at alle, òg i dei delane av landet der kollektivtrafikken verken er eller vil verte tilfredsstillande utbygd, skal kunne få incentiv til å opptre på ein måte som tener miljøet.

Det har vore fleire gode innspel, og eg har notert flittig.

Bård Hoksrud hadde eit direkte spørsmål om Regjeringa kjem med ei omlegging av avgiftssystemet i 2007-budsjettet. Ja, det har Regjeringa varsla, og det kjem Regjeringa til å kome med. Mellom anna diskuterer me ei omlegging av eingongsavgifta på bil, slik at det vert billigare å kjøpe bilar som brukar mindre drivstoff og er meir miljøvenlege.

Me flyr meir enn i andre land, vart det sagt frå Halleraker, og det er rett. Dei som reiser ein del i Noreg, veit at det er store avstandar, og at landet er tynt folkesett samanlikna med mange andre land i Europa og elles i verda. Me er få menneske spreidde over store område, og eg trur at det er ei hovudårsak til at me nyttar fly i større grad enn mange andre.

Regjeringa har sett i gang ei utgreiing om høghastighetsbane der både Oslo–Bergen og andre aktuelle strekningar vert vurderte. Det er ei spanande utgreiing. Eg ser fram til at ho kjem på bordet, for å sjå om det på nokre av dei strekningane der fly i dag er nærast einerådande, finst moglegheit for å tenkje i litt andre baner og finne konkurransedyktige transportmiddel som er meir miljøvenlege enn fly.

Det er sjølvsagt til dels rett at det å få betre standard på vegane, vil få ned forbruket av drivstoff. Men at det beste tiltaket for å redusere utsleppet er å byggje betre vegar, er kanskje å dra det vel langt. Eg trur me må ha ein meir samansett strategi, men der det å byggje betre vegar òg er ein viktig bit.

I Sverige har bioetanol vorte ein stor suksess. 50 000 miljøbilar rullar no rundt på svenske vegar. I mars var 15 pst. av alle nye bilar miljøvenlege og gjekk på det såkalla E85-drivstoffet, som har 85 pst. bioetanol og 15 pst. bensin. Regjeringa vil medverke til eit gjennomslag for dette miljøvenlege drivstoffet òg i Noreg. Det å kutte avgiftene på bioetanol vil bidra til at det raskt kan verte lønsamt for oljeselskapa å tilby E85-drivstoffet i Noreg. Vi kjem tilbake til denne saka i revidert. Men det vil òg vere ein viktig strategi for at folk flest kan få ei moglegheit til å køyre miljøvenlege bilar.

Presidenten: Dermed er dagens kart handsama ferdig.

Ber nokon om ordet etter § 37 a i forretningsordenen?
– Møtet er slutt.

Møtet slutt kl. 12.30.
